Pedro klar til innsats 19.06.2013




**Systrene Nilsen satsar friskt i den nye sesongen. Imorgon er**

**det rekebord og dei held fram med det kvar torsdag heilt til 8. august.**

**A la carte meny vert det fredag, laurdag og sundag i heile sumar og Systrene har store forventningar til den spanske kokken.**




Pedro Bernardo (48) er klar ved grytene og har mykje spennande på menyen. Han har dreve restaurant i 5 år i ein by som ligg ikkje

langt frå den portugisiske grensen.

Han ser også fram til å laga norsk
mat i tillegg til å presentera sitt heimlands velkjende kjøken. Ikkje
minst synest han at norsk sjømat verkar spennande.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen